



## Notat

Dato: 07.05.2018  
Arkivsak: 2017/13734-19  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Anne-Kathrine Vabø

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

### **Smålonane, Fjell kommune - høyring og samtykkesøknad til politisk handsaming**

Samferdselsavdelinga er positiv til at planen legg opp til å etablert haldeplass for buss i Idrettsvegen, og at desse er teke med i føresegna. I føresegna er det også teke parkeringsplassar, men det er ikkje konkretisert krav til tal på og utforming av sykkelparkeringsplasser. I planbeskrivinga vart det lagt vekt på at området kan nås med sykkel- og gangen, og difor bør tilrettelegging av sykkelparkering vias større merksemd i føresegna.

I planbeskrivinga vert det vist til Regional transportplan 2013 – 2024. Vi gjer merksam på at ny Regional og Transportplan 2018-2029 vart vedteke juni 2017, saman med Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2018-2029.